



Arkivnr: 2015/8927-7
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING AV DROSJELØYVE R-214 TILKNYTT ODDA TAXILAG AS

Samandrag

Drosjeløyve R-214 og reserveløyve R-888 tilknytt Odda Taxilag AS vart kunngjort i pressa 06.11.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut 27.11.2015 hadde det meldt seg to søkjarar til drosjeløyve R-214. Ein av søknadane blei levert utan dei nødvendige vedlegga. Det har no gått meir enn 6 veker sidan søknadsfristen gjekk ut, så samferdselsavdelinga finn det då rimeleg å tildela R-214 til den søkjaren som har levert alle vedlegga.

Det var ikkje søkjarar til reserveløyve R-888.

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga.

Etter å ha vurdert saka finn fylkesdirektør samferdsel å kunne fatte følgjande

vedtak

Med heimel i yrkestransportlova §§ 4 og 9, jf. forskrift om yrkestransport § 43 vedtar fylkesdirektør samferdsel å tildele drosjeløyve :

1. R-214 til Izabela Renata Prestegård.

Det skal installerast taksameter i bil registrert på drosjeløyve R-214. Det skal registrerast bil med inntil 9 personar på løyve. Det skal setjast bil i drift på løyve innan 11.04.2016.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 11.01.2016

1. Samandrag

Drosjeløyve R-214 og reserveløyve R-888 tilknytt Odda Taxilag AS vart kunngjort i pressa 06.11.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut 27.11.2015 hadde det meldt seg to søkjarar. Ein av søknadane blei levert utan dei nødvendige vedlegga. Det har no gått meir enn 6 veker sidan søknadsfristen gjekk ut, så samferdselsavdelinga finn det då rimeleg å tildela R-214 til den søkjaren som har levert alle vedlegga.

Det var ikkje søkjarar til reservedrosjeløyve R-888.

2. Lovheimel

Lov om yrkestransport og forskrift om yrkestransport, vart lagt til grunn i denne tildelinga.

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektør samferdsel har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelskontroll vert tatt kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Izabela Renata Prestegård har ei samla ansiennitet frå drosjeyrket på 1 månader og 13 dagar. Ho har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektør samferdsel å kunne tildele drosjeløyve R-214 til Izabela Renata Prestegård. Drosjeløyve R-214 skal vere tilknytt Odda Taxilag AS.

Før løyve kan utstedast må vitnemål frå det obligatoriske løyvekurset leggjast fram.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyve R-214 innan **11. april 2016**.